


Prekenverkstedet



<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

4. søndag i fastetida - 2. april 2017

Preiketekst: Joh 11, 45-53

Lesetekst I: 1 Mos 22,1-14

Lesetekst II: Hebr 4,14-16

Drapsplaner

Om dagen

Tekstene på denne søndagen spissar seg inn mot Jesus siste påske og dei dramatiske hendingane på fjellet i Jerusalem. Guds einborne Son, Jesus frå Nasaret, skal gi livet sitt om lag på den plassen der Abrahams son, Isak, blei spart. Den syndfrie går inn i den himmelske tempelheilagdomen for å opne vegen heilt fram til Gud for oss som trengte soning for synd. I alle tekstene ligg det element av Guds store plan som sprenger grenser for vår forstand.

Om teksten

Preiketeksta følgjer etter forteljinga om Jesus som vekker den døde Lasarus til live. Hendinga har skapt alle slags kjensler og er på alle sine lepper. Det hjartet er fullt av, talar munnen. Jamvel trua på Jesus aukar (v.45). Dette er dei religiøse leiarane si store uro (v.46-48). Johannesevangeliet er elles tydeleg på at den store konflikten mellom Jesus og det jødiske leiarskapet gjekk på identiteten hans, kven Jesus var. Allereie i kapittelet før ville dei steine han, fordi han stod fram som Guds son (10, 31ff), og då Pilatus skulle felle dommen, var dei like tydelege på klagemålet: «Han har gjort seg sjølv til Guds son.» (19,7)

I dette kapittelet, derimot, har dei eit anna fokus. Dei er livredde for oppstyret. Konsekvensane kan fort bli at romarane skrur til maktstikka si. Uro er uønskt. Resultatet kan bli livsfarleg for folket og for det heilage tempelet i den heilage byen. Klagemål om blasfemi var dei ikkje i tvil om. Både i kapittel 5, 7, 8 og 10 fortel Johannes om at dei ville drepe Jesus av slike grunnar. No ser dei også høvet til å bruke politiske argument. Han som sjølv sa at han representerte eit anna rike (18, 36; 19, 11), blir framstilt som ein politisk tryggingrisiko.

Sjølve budskapet i teksta ligg i v.49-52. Her er ein sitrande nerve. Spørsmålet som har senka eit mørke over den europeiske kyrkja sitt forhold til jødane, kjem som ei oppfølging: «Kven drap Jesus?» Fekk Kaifas sitt svar stå der aleine, er det ingen tvil om ansvaret som låg på dei jødiske leiarane den gongen, i tillegg til det avgjerande ansvaret som dei romerske styresmaktene handla ut frå. V.51f fortel likevel ei heilt anna historie. Verken dei jødiske leiarane eller dei romerske okkupantane spela hovudrolla i dramaet.

Kaifas som Bileam

Det alle kunne høyre og fange opp var at øvstepresten stod fram som leiar og gav ei likefram

forklaring på kvifor Jesus måtte ryddast av vegen (v.49f). Utan sjølv å vite det talte han likevel ikkje primært sine egne ord. Han tala Guds ord. Vi kan ikkje avgrense dette til at Gud snudde dei vonde og taktiske orda til Kaifas til det beste. Nei, Kaifas tala profetisk (v.51). Han fekk Bileams rolle, han som skulle profetere vondt over Israel, men som måtte bere fram Guds ord og vilje (4 Mos 22-24). Kaifas sine ord og Guds ord var identiske, men hensikta og meininga var motsett. Der Kaifas ville gjere ende på han som tok Messias si rolle, ville Gud reise opp ein evig konge.

Soningsdød

Det er ein viktig del av Bibelens budskap at det var Gud sjølv som ikkje sparte sin eigen Son men gav han for oss alle (Rom 8, 32). Allereie i den sterke Messias-profetien i Jes 53 kjem dette tydeleg fram: «men skulda vi alle hadde, lét Herren ramme han» (v.6), og «det var Herrens vilje å knuse han» (v.10). Joh 3,16 seier det same: «For så har Gud elska verda at han gav Son sin, den einborne.» Saman med teksta om Abraham som på Guds bod gjekk for å ofre Isak, er dette tankar som skapar sterke reaksjonar. Denne vinteren har avslørt at vi har prestelærer som aktivt og offentleg lærer at Jesu død ikkje var ein soningsdød for våre synder.

Dagens tekst seier det motsette. Gud gav Son sin i døden for folket. Då får vi skunde oss også å seie at det ikkje var Faderen som ofra Sonen i ein indre guddommeleg strid. Nei, det var den treeine Gud som i sitt evige råd sjølv valde å gjere opp for menneska sine synder. Derfor er Jesus like tydeleg i Joh 10, 17f på at ingen som helst tok hans liv. Han gav det frivilleg, ut frå den makta han hadde fått av Far sin, makt til å gi det og makt til å ta det tilbake. Jesus er ikkje ei viljelaus brikke i eit spel. Han er den som gir seg sjølv – frivilleg og i uendeleg kjærleik – til oss.

Lys frå dei andre tekstane

Isak kunne aldri bli eit slikt offer. Derfor er det eit hovudpoeng i den forteljinga at Isak nettopp IKKJE blei ofra. GT er tydeleg i avvisinga si av menneskeoffer, noko som var vanleg i kanaaneisk religion og som Israel var ein kontrast til. I frelseshistorisk samheng er forteljinga om Isak eineståande på den måten at den peikar fram mot den Sonen som blei ofra for vår – og Abrahams og Isaks skuld. Den eine forteljinga om sonen som ikkje blei ofra, står i openberringa si teneste som kontrast til den eine og eineståande hendinga om Sonen som blei ofra. For oss. Teksta frå Hebrear brevet 4 opnar døra til dei mange kapitla i det brevet som fortel oss om det offeret som blei gjort «ein gong for alle».

Folket og folka

Vers 52 ber i seg ein djup rikdom. I kapittelet før seier Jesus allereie noko om flokken og flokkane som han er gjetar for – og som han skal samle til éin flokk (10, 16). Vår tekst spelar på dei same motiva. Når Kaifas forkynner at Jesus må dø for folket, er det jødane som er i fokus som folk. Det kjem fram ved ordet han brukar på gresk, «laos», brukt som omsetting av det hebraiske «'am». Dette er ord som i Bibelen primært blir brukt om det jødiske folket. Når Johannes forklarar dette i v.52, brukar han ordet «ethnos» (hebraisk «goj») om folket. Dette ordet blir primært brukt om dei ulike folkeslaga. Men så seier han at Jesus død ikkje berre har «folket» som rekkevidde. Han «skulle og samle til eitt dei Guds born som er spreidde rundt omkring». Dette gir teksta vår eit vidt utsyn til misjon. Jesu død gjeld det jødiske folket, og Jesu død gjeld folkeslaga. Jøde først, så grekar. Johannes skriv her det same som Paulus brukar mykje plass til å legge ut i Ef 2 og 3, om skiljet og fiendskapen som blei tatt vekk og om evangeliet som også skulle til heidningane. Både hos Johannes og hos Paulus er det eit sentralt poeng at han samlar oss til eitt. Det er ikkje ulike frelsesveggar for jødar og heidningar. Alt samlar seg i Jesus Messias. Liksom vi alle synda – og slik

på sett og vis dreiv Jesus i døden, får vi alle nyte livsfrukta av Jesu død. Han samlar oss til éin flokk, han samlar oss til eitt folk. Han som hang på korset, drar alle til seg.

«Frå den dagen la dei planar om å drepe han.» (v.53). No var timen komen» (12, 23). No gjekk det mot handling.

Om preika

Eg tenker det er viktig på ein enkel måte å sette forteljinga inn i den større ramma av Jesu veg til Jerusalem, via Betania. Vekta i forkynninga bør ligge på det guddommelege innhaldet i Kaifas sin profeti, slik det kjem fram i v.51f. Eg ville i løpet av preika også flette inn teksta frå 1 Mos 22. Den er blitt så problematisert, og opplevast også kjenslemessig vanskeleg for mange, at vi ikkje kan lese den utan å visitere den.

Ein enkel modell for preika, med vekt på at Gud er i kontrollrommet, kan vere denne: 1. Gud fører fram sitt ord. 2. Gud fører fram sin plan. 3. Gud fører fram si frelse.

Ein annan variant kan legge sterkare vekt på rekkevidda av Jesu død: 1. Jesu død sprenger vår tale og forstand (Meir enn Isak, meir enn Kaifas). 2. Jesu død sprenger blokkeringa for fred med Gud (Hebr 4). 3. Jesu død sprenger rammene for kven som får høyre til (jødar og heidningar, misjon).

Ein tredje variant kan ta utgangspunktet i spørsmålet om kven som tok Jesu liv: jødiske leiarar? romerske herskarar? du og eg med vår synd! Gud sjølv – med den underliggande sanninga: Ingen tok det. Han gav det frivilleg og planlagt. For oss.

Rolf Kjøde

Leiar for eigarkontakt NLA Høgskolen

Rolf.Kjode@NLA.no